



Molde 3/12-2013

## Reknes ungdomshus

### Årsorientering til årsmøtet i BUL 4/12-2013

Styret i BUL var generalforsamling i Reknes ungdomshus til midt i juni 2013.

Styret i Reknes ungdomshus var då:

*Byrge Fitje: Leiar: ( Post , innkjøp, sende ut rekningar, m.m.)*

*Valter Andreassen: Nestleiar (Ansvarleg for møteinnkallingar, utleiger, visning av lokale, administrere vasking m.v.)*

*Hilde Bruaset Diverse arbeid*

*Mariann Sylte Diverse arbeid*

*Møte:* Det har berre vore telefonmøte dette halvåret.

*Reparasjonar, vedlikehald, nyinnkjøp m.v*

Innvendig : Ikkje store investeringar. Klargjering av utleigelokale til Vevstova i 2. etasje. Elles nødvendige småreparasjonar.

Utvendig: Felling av tre på nordsida av huset.

*Dugnad og leigd arbeid:* Det var ein god vårdugnad pluss nokre ”minidugnader”. Det var leigd til elektriske arbeid, rørleggar, vasking og boning. Nor tekstil vaska moppene. Krakeli hadde brøyting og strøing. Feiebil var leigd etter påske.

*Utleige fram til midt i juni:* Molde Internasjonale Jazzfestival sa opp husleiga i andre etasje frå 1. september2012. Dei leiger noko lagerplass på loftet enno. RU var leigetakar i kjellaren. Musikkbuva mot aust var utleigd og motorsykelklubben ”Snorre” hadde den gamle skulestova som før. Hovudetasjen var utleigd til BUL kvar onsdag og frimerkeklubben annakvar tysdag. Vevstova leiger lokale i 2. etasje (frå 1. april.)

*Økonomi:* Reknes ungdomshus har ikkje banklån. Innboet er særskilt forsikra. Sjølve huset er fullverdiforsikra.(KLP skadeforsikring). Pr.3/12-13 står det kr. 90.135,34 på bankkontoen. Alle rekningar er betalte. Det står att å få innbetalt nokre utsende fakturaer på husleiger (purringar er sendt) og eit sluttoppgjær med West Dansers.

*Takk:* Det «gamle» styret i Reknes ungdomshus vil takke BUL for blomster og oppmerksomheit som vi fekk på den ekstraordinære generalforsamlinga i juni. Vi vil også takke Lars Staurset for alt det gode og grundige arbeidet han gjorde i samband med nye vedtekter og nødvendige avtalar.

*Det nye styret for Reknes ungdomshus er:*

Vidar Andreassen, Tore Hagset og Per Olav Mordal

Det «gamle» styret ønskjer det nye styret lukke til med arbeidet vidare!

Byrge Fitje